

# VADSTEINSÆTRA

**Lengde:** om lag 3,4 km tur/retur

**Vanskelegheitsgrad:** Middels



Dette er den vanlege ruta opp til sætra frå Vadstein. Stien har jamn og bratt stigning med ein litt utydleg sti, særleg i starten.

Køyr frå Volda sentrum mot Stryn/Austefjorden (RV 651). Like før Hjärtåbygd tunnelen følgjer du skiltinga mot Hjärtåbygda, og køyrer Hjärtåbygdvegen nokre hundre meter innover. På nedsida av vegen like før svingane ligg det ein gard. I dette området kan du parkere. Du finn stien på oppsida av vegen (sjå etter skilt).

Start ved skiltet Vadsteinsætra og følg gjerdet oppover. Ved enden av gjerdet skråar du oppover mot første høgda. Stien er litt utydeleg, men det går greitt å finne ein veg opp. Oppe på høgda går stien vidare mellom to store steinblokker. Frå steinblokkene og oppover er stien meir tydeleg. Følg elva oppover på venstre side. Når du når om lag 300 høgdemeter kryssar du elva over den lisje steinbrua. Stien vidare er greitt å finne, du skal krysse elva ein gong til. Når du nærmar deg sætra er terrenget meir myrlendt, noko som gjer stien litt vanskelegare å finne. Førsta myra skal du skråe over. Vidare ser du stien greitt. Skulle du miste den er det likevel greitt å finne vegen til sætra. Stien går på ein rygg på nordsida av vatnet som ligg like nedanfor sætra.

**NB!** Kjem du til eit skilt til Åseskaret må du IKKJE følgje den skiltinga. Stien er attgrodd og terrenget bratt!